

## **Søknad om konsesjon etter konsesjonslova frå eit aksjeselskap**

### **Endring i mynde til å ta avgjerd i slike saker**

Med verknad frå 07.07.2023 er det statsforvaltaren som har mynde til å avgjere saker som gjeld konsesjon til selskap med «begrenset ansvar». Det vil i klartekst seie aksjeselskap omfatta av aksjelova. Endringa gjeld berre saker der eit aksjeselskap søker konsesjon etter Lov om konsesjon ved erverv av fast eiendom mv.

Søknadar om konsesjon frå slike selskap skal framleis setjast fram for kommunane.

Kommunane skal utgreie saka og gi uttale/tilråding før ho vert sendt vidare, jf. FOR-2003-12-08-1480 § 1. Vi har lista opp ein del moment det vil vere ein fordel om er med i ei slik utgreiing. Ikkje alle momenta vil vere aktuelle i alle saker. Lista er nok heller ikkje uttømmande. Det er derfor fint om de tek med andre moment som kan vere relevante. Der det er aktuelt bør uttala mellom anna sei noko om:

- Om eigedommen - landbruksinteressene
  - o Ei kort utgreiing om eigedomen.
    - Areala.
    - Blir garden driven i dag?
    - Anna som kan vere viktig for å vurdere søknaden.
  - o Om eigedomen er omfatta av kommuneplan eller reguleringsplan og kva denne seier.
    - Kva tenker kommunen dette skal ha å seie for spørsmålet om konsesjon?
  - o Om eigedomen har part i jordsameige eller andre felles rettar.
  - o Om det er noko anna særskild ved eigedomen som er relevant for saka.
  - o Kor tungt bør landbruksinteressene vege? Kvifor?
- Kort om søker viss kommunen har kunnslap ut over det som står i søknaden og offentlege register.
- Andre interessentar
  - o I kva grad det har vore stor eller liten interesse for å overta eigedomen?
  - o Er det fysiske personar som kan vere interessert i å kjøpe eigedommen?
- Samfunnsinteressene
  - o Framtidige generasjonar sitt behov.
  - o Eventuelle andre særlege samfunnsinteresser sett frå kommunen si side.
- Omsynet til busettinga
  - o Veg dette tungt, eller er det mindre viktig?
- Omsynet til miljøet, allmenne naturinteresser og friluftsinteresser
- Viss føremålet med ervervet er landbruk, ei vurdering av momenta i konsesjonslova § 9
  - o Om og i kva grad denne eigarforma (AS) utgjer ein fordel for landbruksdrifta framfor tradisjonell eigarform.
  - o Om ervervet vil gi ei driftsmessig god løysing.
  - o Om søker kan reknast som skikka til å drive eigedomen.
  - o Om ervervet tek vare på omsynet til heilsakleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.
- Priskontroll, konsesjonslova § 9 a
- Vilkår
  - o Om kommunen har ei oppfatning av om det bør setjast vilkår og i tilfelle kva.
  - o Kommunen sitt syn på buplikt i den grad kommunen har ei oppfatning.

- **Konklusjon**
  - o Kommunen sitt syn på om konsesjon bør gjevast eller ikkje. Det er også viktig å gi uttrykk for eventuell tvil. Viss kommunen har slik tilknyting til eigedommen som fastset i forskrifta § 1 andre ledd, skal det ikkje gjevast slik tilråding.

## Dokumentasjon

Søknaden, kjøpekontrakt, skøyte, takst og leigeavtale for fallrett eller andre rettar skal følgje saka viss slike finst. Det kan sjølvsgå og vere annan relevant dokumentasjon som til dømes følgjeskriv frå søker.

## Overgangsreglar

Overgangsreglane står i Forskrift om overføring av myndighet til kommunen, statsforvalteren, Landbruksdirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonsloven, jordlova og odelsloven § 13.

Alle saker som ikkje er endeleg avgjort av kommunane pr. 07.07.2023 skal sendast til statsforvaltaren. Ei sak er endeleg avgjort når klagefristen er ute eller kommunen har teke avgjerd i klagesaka. Overgangsreglane gjeld dermed både søknader og klagesaker.

## Lenker til aktuelle heimelsgrunnlag

(Opne koplinga med Ctrl + museklikk.)

[Forskrift om overføring av myndighet til kommunen, statsforvalteren, Landbruksdirektoratet og Direktoratet for mineralforvaltning etter konsesjonsloven, jordlova og odelsloven - Lovdata](#)

[Forskrift om endring i vedtak om overføring av myndighet til kommunene mfl - Lovdata](#)

[Forskrift om saksbehandling mv. i kommunen i saker etter konsesjonsloven, jordloven, odelsloven og skogbruksloven - Lovdata](#)

## Praktisk

Vi minner om at det er kommunane som må krevje inn konsesjonsgebyret.

Det er også kommunane som må matrikkelføre konsesjonen.

Kopi av vårt vedtak blir sendt til kommunen.

---

*Første versjon 18.09.2023.*

*Endra 23.04.2024.*

*Endra 13.06.2024.*